



ARKIVVERKET

Radøy kommune

Dato 07.09.2018

Din ref.

Vår ref. 2018/13702

5936 MANGER

Sakshandsamar PETKRI

Varsel om tilsyn med Radøy kommune 7.11.2018

Med heimel i arkivlova § 7 varslar Arkivverket med dette at vi vil gjennomføre tilsyn med Radøy kommune 7.11.2018. Føremålet med tilsynet er å kontrollere at arkivtilhøva i kommunen er i samsvar med arkivlova og arkivforskriftene.

Hugs at rådmannen må være til stades

Som leiar med overordna ansvar for arkivtenesta, skal rådmannen delta i starten og slutten av tilsynet, saman med arkivleiar og IKT-leiar. Vi vil og intervjuje enkelte sakshandsamarar/fagpersonar. Tilsynet vil ha slik overordna agenda:

Tid	Tema	Deltakarar
10.00 – 10.45	Oppstartsmøte, arkivansvar, fullmakter etc	Rådmann, arkivleiar, IKT-leiar
10.45 – 14.00	Intervju, stikkprøver og befarung i lokale	Arkivleiar, evt. systemansvarleg, ulike sakshandsamarar
14.00 – 14.30	Avslutning og oppsummering	Rådmann, arkivleiar, IKT-leiar

Merk at dette er ei skisse til dagsorden. Vi kjem attende med ein meir detaljert dagsorden og tidspunkt etter vi har gått gjennom dokumentasjonen de sender inn.

Vi ber om tilbakemelding på om datoen passar – innan 14.9.2018 – til seniorrådgjevar Pétur Kristjánsson på telefon 99 49 04 01, eller e-post petkri@arkivverket.no.



ARKIVVERKET

Kva er dykkar største utfordring?

Agendaen over er tentativ. Tips oss gjerne om det er særskilde ting de ønsker fokus på, eller utfordringar de allereie veit om. Førebuing til kommunereform vil vere eitt tema.

Vi treng følgande dokumentasjon innan 17.10.2018, for å sette oss inn i materialet før vi kjem:

- Gjeldande arkivplan inkludert arkivrutinar og relevante instruksar (send gjerne lenke om de bruker arkivplan.no).
- Oversikt over interkommunalt samarbeid som kommunen deltek i.
- Statistikk over journalførte dokument dei siste tre kalenderåra som vist i tabellen under.

	Inngående	Utgående	N-notater	X-notater
2015				
2016				
2017				

- Opplysningar frå kontrollsøk i journalen – kva er talet på journalpostar med følgande status:
 - Journalpostar med status R med dokumentdato eldre enn 3 månader
 - Journalpostar med status F med dokumentdato eldre enn 3 veker.
 - Journalpostar med status E med dokumentdato eldre enn 7 dagar.
 - Journalpostar med status S med dokumentdato eldre enn 3 veker.
 - Journalpostar med status M med dokumentdato eldre enn 3 månader.
- Ein oversikt over kommunen sine fagsystem, dersom ein slik oversikt ikkje er innarbeidd i arkivplanen (kun system der de sjølve legg inn og lagrar opplysningar og/eller dokument, ikkje eksterne system som t.d. Lovdata eller Folkeregisteret som berre vert brukte til oppslag).
- Oversikt over arkivlokala og oversikt over kommunen sin tilrettelegging av arkiva for publikum

Send alt som vedlegg til post@arkivverket.no med kopi til petkri@arkivverket.no (ikkje send inn meir enn det som er nemnt over).



ARKIVVERKET

Tips for å få meir ut av tilsynet

Om det er noko de allereie no veit de manglar, kan det være lurt å starte på dette arbeidet før de sender dokumentasjonen til oss. Om de t.d. veit at de manglar arkivplan, får de meir ut av at vi ser på eit førsteutkast og gir pålegg om kva som manglar, heller enn å få pålegg om at heile arkivplanen manglar.

Med helsing

Kjetil Reithaug
fagdirektør
Dokumentasjonsforvaltning

Pétur Kristjánsson
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi til:
Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 BERGEN